



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7055 - 15/32700

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no



Dato:
22.10.2015

Søknad om bakkeplanering på Gbnr 103/2 Fjellanger til uttale

Søknaden

Det vert søkt om å ferdigstillast eit eksisterande stein- og jorddeponi på eit 25 dekar stort areal. Arealet ligg på Vågseidet/Fjellanger i Lindås kommune, på høgre side av Rv 57 retning nordover rett før ein køyrer inn i Haukåstunnellen. Området har opp gjennom åra vorte nytta til jorddeponi og steinuttak. Bakgrunn for søknaden er ynskje om å auka fôrgrunnlaget på garden og dermed kunne auka sauetalet. Det vert søkt om å fylle på om lag 150 000 m³ jord og stein.





Planstatus

I kommuneplanen 2011 -2023 har det omsøkte arealet status LNF. Tiltaket er i tråd med planstatus.

Forholdet til naboar og andre interessentar

Tiltaket krev ikkje nabovarsling. Det er ingen busetting i nærleiken av tiltaksområdet. Grunna vegetasjon mellom Fylkesveg 57 og tiltaksområdet er det lite synleg frå vegen. Men Lindås kommune v / VA-avdelinga har hatt saka til uttale. Dei bad om ei vurdering knytta til mulig avrenning frå tiltaket i anleggsfasen. Dette fordi Vågseidvatnet er avsett til formål Industrivatn til Mongstad. Rådgivende Biologer (RB) har vore på synfaring og levert rapport. Lindås kommune har kosta synfaring og rapport. RB konkluderer med liten fare for uheldig avrenning av humus til Vågseidvatnet. Men for å vere på den sikre sida vert det anbefalt to avbøtande tiltak. Å legge finare masser på innsida av etablert fylling / skogsveg i søraust. Fraksjonar med storleik 0,7 -1,5 mm. Vidare vert det i anleggsfasen anbefalt å leggje ut ei siltlense der bekken frå tiltaksområdet renn ut i vatnet.

Vurdering

Kommunen ser positivt på tiltaket og vurderer å godkjenne søknaden. Gjerne med noko lågare max påfyllingshøgde enn søknaden skildrar.

Frist

Før kommunen handsamar saka etter Forureiningsforskrifta («Bakkeplanering») vert saka sendt regionale planstyresmakter til uttale. **Frist for uttale vert sett til fredag 20.november.**

Med helsing

Kjartan Nyhammar
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om godkjenning av ferdigstillingsprosjekt - gbnr 103/2 Fjellanger
Kart og teikning

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7310
Kultur- og
idrettsavdelinga

5020
5020

BERGEN
BERGEN